



Til landstinget i Norsk kulturskoleråd

## SAK 5.9 – FORSKRIFT FOR KULTURSKOLEN

Saken er innsendt av Norsk kulturskoleråd Vestland

Saksordfører: Hege Eide Vik

### **Hovedstyrets innstilling til vedtak:**

Landstinget støtter intensjonen i forslaget, og anser at forslaget er ivaretatt i den politiske plattformen.

### **Administrasjonens utredning til hovedstyret:**

Det kommunale kulturskolene er lovmessig plassert på samme nivå som de kommunale barnehagene og SFO-tilbudene: kommunene er pålagt å ha et slikt tilbud, men det er frivillig for innbyggerne å benytte seg av tilbudet. Det er derfor urimelig at kulturskolene ikke er forskriftsfestet mens barnehagene og SFO er det.

En forskriftsfesting vil bidra til et sterkere vern av kulturskolene, og bidra til å gi kulturskolene den statusen de fortjener. Det er også i tråd med Stovelandutvalgets rapport. Kulturskolerådet gjorde en stor innsats for å få åpning for forskriftsfesting i forbindelse med innføring av den nye Opplæringsloven, dessverre uten å lykkes. Det er derfor nødvendig å ha dette temaet på agendaen fremover, selv om det sannsynligvis vil være et «langt lerret å bleke».

### **Fylkeslagets utredning:**

#### **Forslag til vedtak:**

Norsk kulturskoleråd vil perioden 2025 – 2028 arbeide for, at den kommunale kulturskolen vert forskriftsfesta.



### **Bakgrunn for saken:**

I fleire tiår har det vore talspersonar for å få til forskrift for den kommunale kulturskulen. Politisk og administrativ leiing i kommunar, har i ulike samanhengar gitt tilbakemelding på at kulturskulelova er for svak. Og når også forskrifter manglar kjem ein lokalt til kort i høve andre interesser.

Ei fagforeining har tidlegare fremma forslag til forskrifter for kulturskule. Dei trakk mellom anna fram krav til fagleg nivå, kapasitet og nivå for eigenbetaling.

Det har og vore motstemmer i høve kva det vil seie for kulturskulen sin eigenart og fridom til å tilrettelegge best mogleg for sitt lokalsamfunn.

Formålet til kulturskolen i Meld. St.18 (2020-2021):

«Formålet til kulturskolen er å gi eit undervisningstilbod av høg fagleg og pedagogisk kvalitet til alle barn og unge, uavhengig av kvar dei bur og økonomi.

I kulturskolen skal elevane få lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk. Kulturskolen skal òg bidra til å kvalifisere elevar med særleg interesse og motivasjon for opptak i høgare kunstfagleg utdanning. Tilbodet skal bidra til danninga barn og unge får, til å fremje respekt for den kulturelle tilhøyrsele andre har, til bevisstgjerung av eigen identitet og til å utvikle evna til kritisk refleksjon.

Kulturskolen er open for personar i alle aldrar, men barn og unge frå 0 til 19 år er primærmålgruppa, og barn i skolealder, til og med vidaregåande opplæring, skal prioriterast. Kulturskolen skal vere både ein skoleaktivitet, ein kulturaktivitet og ein fritidsaktivitet.

Kulturskolen skal gi elevane moglegheit til å medverke. Elevane skal erfare at dei blir lytta til, at dei har reell innverknad, og at dei kan påverke det som vedkjem dei.

Kulturskolen bør vere ein samarbeidande aktør med barnehagen, grunnopplæringa, SFO, anna kulturliv og frivillige aktørar i den enkelte kommunen. Kulturskolen kan vere eit lokalt ressurscenter.

Det er eit mål at alle kulturskolar skal ha eit breiddetilbod og eit kjernetilbod. Nokon kulturskolar i kvart fylke/region kan ta eit særskilt ansvar for fordjupingstilbod og talentutvikling.

Ein kulturskole for alle inneber at alle, uavhengig av bakgrunn, føler seg velkomne.

Kulturskolen bør spegle av mangfaldet i samfunnet gjennom eit breitt samansett tilbod av undervisning, formidling og skapande verksemd.»

### **Saksutredning:**

Generelt vert forskrifter tilpassa det dei er tenkt å stø opp om. Me tek utgangspunkt i at dei som utarbeider forskrifter for kulturskulen, har kunnskap om og balanserer omsynet til lokal sjølvråderett og det som er tenleg for kommunen og skuleslaget.

Me ser at rammeplanen for SFO står som forskrift.

Om me trekk ein parallell til kulturskulen, kan formålet for kulturskulen i Meld. St.18 (2020-



Norsk kulturskoleråds landsting, Bodø 17. og 18. oktober 2024.

2021) vere utgangspunkt til forskrift for kulturskulen.

Vedteken revidert rammeplan vert og viktig i utarbeiding av forskrifter.

I lys av dei utfordringar me står i nasjonalt og kutt i kommunar som og rammer kulturskulen sitt bidrag til kunstopplæring og førebyggjande arbeid, vert forskrifter viktig og det er på høg tid at skuleslaget i høve dette vert prioritert.

**Relevante saksdokument:**

UDIR informasjon om ny opplæringslov frå 1. august 2024

Nyhendesak om Kulturskolerådet og forslag til opplæringslov 24. mars 2023

Forskrift om Rammeplan SFO

Strategi 2032

Høyringsutkast rammeplan kulturskolen

Kulturskole for alle – Norsk kulturskoleråds strategi for mangfold, inkludering og innenforskap

Kulturskolemanifestet og Kulturskulen som inkluderande kraft i samfunnet

PE-strategien

Meld.St.18(2020-2021)

Framtidas kulturskule og regionale program

Framtidens kulturskole nettressurs

Bedre tverrfagleg innsats (BTI)

Helga Pedersen  
Styreleder

Morten Christiansen  
Direktør